


# LexicoNordica

Forfatter: Oddvar Nes

Anmeldt værk: Tor Erik Jensted. 2003. *Norge rundt med ord*. Ål: Boksmia

Kilde: LexicoNordica 11, 2004, s. 293-297

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

*Oddvar Nes*

Tor Erik Jenstad: *Norge rundt med ord.* 239 s. [Ål]: Boksmia. 2003. ISBN 82-91871-15-9.

Dette er ei viktig og interessant bok. For fyrste gongen er det gjeve ut ei (meir eller mindre) populær-vitskapleg, omfattande framstilling om norsk ordgeografi, der kring 115 ulike ting og fenomen er representerte, under ni emneområde: (1) menneskekroppen, (2) sjukdomar, lyte, kroppsfunksjonar, (3) familietilhøve, (4) mat og matstell, (5) kvardagsting, (6) husdyr, (7) naturfenomen, (8) leik, spell, tidtrøyte, og (9) ymse, alto både likt og ulikt, serleg under (9).

Forfattaren er kjend for leksikografar. Jenstad (f. 1956) har vore oppteken med leksikografisk arbeid, serleg om trøndermåla, sidan 1983 (Jenstad 1984:25), noko som seinare resulterte i den rosverdige *Trønderordboka* (1997, ca. 4000 oppslagsord, 2. utg. 2002, ca. 5500 oppslagsord), saman med Arnold Dalen, læraren til Jenstad. Fleire ordbøker over skjellsord har Jenstad produsert, og dessutan den ordgeografiske doktoravhandlinga *Ein repetis i obligadur. Folkemusikkterminologi i norske dialektar, med vekt på feletradisjonen* (2001). For tida er han ein av redaktørane for *Norsk Ordbok 2014*. – I boka som vert omtala her, tykkjест han å ha teke eit noko uventa språkpolitisk standpunkt, med forma *Norge* i staden for den nynorske faneforma *Noreg*.

I ”Forord” [7] fortel forfattaren at han ynskjer ”å oppnå to ting. Det eine er å vise hovudtrekk i den norske ordgeografien, ut frå stikkprøver i dei emneområda som er valde. Det andre er å gje inntrykk av den store rikdommen og mangfaldet vi har i det tradisjonelle ordforrådet i målføra.” Som profesjonell leksikograf og redaktør i prosjektet *Norsk Ordbok 2014* har forfattaren tilgjenge til materialsamlingane der og arkivet å *Trønderordboka*, og han har ”prøvd å bruke mest mogleg av lokale ordsamlingar. I tillegg har eg hatt ei spørjeliste ute” ([7], jf. under ”Kjelder” [13]).

*Norge rundt med ord* er ein vakker publikasjon, med fin grafisk formgjeving og mange humoristiske illustrasjonar (av Ingegerd Tveit). Boka har fem oversynskart over visse ord. Eit positivt trekk ved innhaldet er at det ofte er opplyst om dialektale variantar av målføreord (t.d. s. 25, 29, 32, 34 f., 44, 160). Men her (og elles) kjem ein flause til synes: Det vantar forklaring av lydskrifta som er brukt i ordboka! Den (dessverre) stadig mindre nyttu Norvegia-lydskrifta er symbolsystemet

som forfattaren brukar, og teikna burde absolutt hatt forklaring for vanlege lesarar. Men av allmenne ankepunkt er dette ikkje det einaste: Boka vantar utruleg nok eit ordregister. Det ville ha letta bruken storleg. Nokre andre lyte skal nemnast nedanfor.

Boka opnar med ”Kort oversyn over norsk dialektgransking” (9–13), som eigentleg gjeld norsk ordgeografisk gransking, med framdraging av ymse arbeid, serleg sveitsaren Oskar Bandles svære avhandling om husdyrterminologi (øg for færøysk og islandsk) (1967) og svensken Ivar Modéers studiar over norsk fisketerminologi (1953). Ymse norske arbeid er nemnde, men eg saknar omtale av I. Reichborn-Kjennerud (folkemedisin; han er den oftast nemnde personen under dei ymse emneområda), R. Nordhagen og O. A. Høegs viktige arbeid om plantenamn.

Kapittel (1), ”Menneskekroppen” (15 ff.) har mange forvitnelege ord t.d. for *hjørnetann*, men her er kjeldetilvisingane mangelfulle. Me les om Olai Skulerud og hans meining, men utan tilvising (18). Skulerud er nemnd fleire gonger i boka (61, 89, 167), og alltid utan kjeldetilvising; han er heller ikkje oppførd i litteraturlista sist i boka. Under ”Kvervel i håret” (18–20) gjeld det *hårsveip* (19) i Setesdal ”ifølgje Marius Hægstad”, ein ålkjend filolog, men utan tilvising; slik øg seinare (70). ”Drøpelen” er omtala s. 23, der det heiter at ”Reichborn-Kjennerud har [huk] frå Hordaland (med Bergen) og Lofoten”, utan kjeldetilvising. Slik skort er det svært mykje av, og det tyder på at forfattaren har arbeidd for snøgt. Stadig vekk får me opplysningar som berre leksikografar av faget kan gjere greie for, som ord frå ”Vesterålen 1698 og Lofoten 1807” (143), uspesifiserte 1743-ordsamlingar, ordsamling frå 1821 utan nærmere tilvising osv. Det er ikkje bra.

Når det gjeld informasjon om geografisk utbreiing av ord som kjem ved dette arbeidet, er det ymse tilhøve som kan nemnast. Eitt er tidsrommet for sinking av dei diverse nemningane. Det rekk frå om lag 1650 til i dag, og fører dermed til at kunnskapen om kva som er levande ordbruk ofte vert ugrei. Dette er det lite å gjere noko med, so lenge ein ikkje diskvalifiserer ordbokforfattarar som Ivar Aasen og Hans Ross. M.o.t. heimel for bruken av eit ord eller omgrep, so varierer dei frå landsdelar, som Vestlandet, til bygder, altso under kommunenivå, t.d. Fana og Skjold for ordet *glamp* (107), no i Bergen kommune, eller ”Svensby i Troms” som er ei bygd i Lyngen kommune (106), Straumsneset i Tingvoll kommune (51, men 18: ”Straumsnes på Nordmøre”).

Det detaljerte nivået for ordutbreiing er naturlegvis nyttig, men set store krav til geografikunnskapane hjå lesarane.

Vedrørande heimfesting eller geografisk utbreiing av ord som er nemnde i Aasens ordbok, er det ymist å merkje. S. 73 heiter det om å gå sist i svangerskapet at ”Aasen har *på ventadøgrå* frå Sogn og Fjordane [fylke]”, men dette er ”Nordre Berg.”, dvs. Nordre Bergenhus Stift, og dermed i røynda Sunnmøre, jf. Aasen (1994:239): ”*Venta-døgra*”. Forfattaren blandar i hop med Nordre Bergenhus Amt = Sogn og Fjordane fylke no. S. 128 er det skrive at *nøreveid* er ”utan heimfesting hos Aasen”, men i Aasen (2000:84) er ordet tydeleg heimfest til H[allingdal]. S. 134 er det tale om *høvelspon*, der det vert opplyst om at i ”eit sørvestleg område har *n-en* i *spon* ein tendens til å falle bort”, men forfattaren burde ha nemnt at same fenomenet gjer seg gjeldande for det nordvestlege området Sunnmøre (Aasen 1873: 737).

Informantar, heimelsfolk, er alfa og omega for eit ordgeografisk prosjekt, anten det er tale om trykte tekster eller svar på spørjelister. Det er applaudabelt at forfattaren har nytta eit hundretals nyare ord-samlingar i arbeidet sitt. Ifølgje Ivar Modéer (1953:10) er det ”en för ordforskaren här och där återkommande fallgrop: sagesmännen har skiftat uppehållsort ... eller ortsmeddelaren har utfrågat sagesmän utan tanke på om dessa varit rotfästa i trakten. .... En av 1930- och 1940-talens mest produktiva norska ortsmeddelare, .... har i Andebu i Vestfold avfattat frågelistsvar och andra redogörelser, ... Men en sak verkade vid förnyad genomläsning misstänkt – varför var just inlandsbygden Andebu så över måttan ordrik? Misstankarna ökades”, skriv Modéer, men han fekk ikkje treffe informanten, Ole Bråvoll (1872–1951), som i ettertid har vist seg å ha skrive opp svært mange ord som hører til andre stader enn Andebu (jf. Bråvoll [1963:10 ff.]) Diskutable Bråvoll-ord møter me m.a. på s. 31, 32, 89, 123, 130 og 165 i boka.

Når det gjeld grannsemd ved sitat og andre opplysningar, kan ymist nemnast: *Vesalled* er omtala s. 28. ”Per Sandanger har *vísallje lídi* (vesalle leden, altså to ord) frå Sande på Søre Sunnmøre.” Nei, ord-samlinga har *vísalljelídi*, i eitt ord (Sandanger [2000:232 og 446]). Forfattaren burde ha retta den range aksentbruken til Sandanger til *i* (’open i’). – S. 47 vert det opplyst for sjukdomen elveblest at ”**blåster**” har vore brukt somme stader på Vestlandet, etter gamle kjelder (t d *Norsk Landboeblad* 1811). Men einaste kjelda for *Norsk Ordbok* (1:sp. 781) er ”*Nhl1750*”. *Norsk Landboeblad* 1811 har eg sjølv arbeidd med, og der står *Blæstr* (Nes 1978:33 og 34). Kjelda åt forfattaren er Reichborn-Kjennerus (1940:25, med feil form: *blåster*). – S. 49 er det tale om ”angelsaksisk *wlæta*” og ”*wlatian*”. Men ”angelsaksisk” er foraldra for ’gammalengelsk’ og orda skal attgjevast som *wl^æt(t)a* og *wlâtian*. – S. 186 er det tale om ”nor. *Marreina* (nyislandsk *marrein*)”, og 10 liner seinare at ”(også islandsk har *marreinsbakki*)”. Men desse

opplysningane om nysislandsk har forfattaren frå Torps ordbok, som alltid bør etterprøvast for ordstoff frå andre språk. Orda finst ikkje i islandske ordbøker. – S. 178 ff. drøftar forfattaren orda *hengemyr* og *søkkemyr* i høve til *gjørmehol* (182 ff.). Her presterer forfattaren å skrive at ”*Nynorskordboka* [Hovdenak et al. (1993:625)] definerer *søkkjemyr* som ‘*gjørmehol*’”. Men i ordboka er ordet definert som ”*hengjemyr*”!

Om opphavet til ord og vendingar skriv forfattaren mykje og mest rett, men grunn til kommentar er det både her og der. T.d. står det s. 202, om ordet *kollbøtte*: ”Vi har fornorska det franske *culbute*”, men det rette er at me har fornorska det danske *kolbøtte* < fransk *culbute*. Om *kåtel* ’snurrebass’ (205) er meir skrive enn forfattaren gjer greie for (jf. Nes [1972:107–08]). M.o.t. utlegginga om *slavann* ’luktevatn’ (122) burde dei avvikande etymologiseringane i *Ordbog over det danske Sprog* (20:sp. 340, under *Slagvand*; 1941) og *Ordbok över svenska språket* (27: S 6324, under *slagvatten*; 1977) vore nemnde og vurderte. – For *ile* ’bakevje’ (162), med tilvising til Torp-ordboka, vantar asterisken for det evidente etymonet *\*iðla*. – S. 133, under emneordet *sagflis*, les me: ”Berre frå Skjerstad i Salten har vi *sagmørr*. Ein kunne tenkje seg at sisteleddet var eit *\*modr*, i slekt med *mod*, ...”. Men frå Salten har me òg ordsamlinga frå Fauske av Øines (1993; med i litteraturlista) frå nordsida av Skjerstadfjorden i Salten, og der får me heldigvis vite om grammatisk kjønn (som dessverre er langt for lite opplyst om for orda som er med i boka til forfattaren). Kjønnet er nøytrum, og eit gno. opphav *\*moðr* er mask. nom. og mislukka i denne samanhengen. -*mørr* er nok ein variant til *mor* n. 1 ”muggen el. smuldret masse” (Torp [1919:432]). – ”**Ome** m, som er lokalt for Jæren i tyding ’solrøyk’, har etymologisk samanheng med *eim*, ’damp’,” les me på s. 194. Dette er naturlegvis heilt gale.

Mangt negativt har vore nemnt i denne meldinga, men for underskrivne er likevel *Norge rundt med ord* eit rosverdig tiltak, til utviding av allmenn kunnskap og til ettertanke.

## Litteratur

- Bondevik, J., O. Nes og T. Aarset (red.) 1994: *Målsamlingar frå Sunnmøre av Ivar Aasen*. Bergen.
- Bondevik, J., O. Nes og T. Aarset 2000: *Målsamlingar frå 1851–1854 av Ivar Aasen*. Bergen.
- Bråvoll, O. [1963]: *Vestfoldmål. Ord og vendinger fra Andebu*. Drammen.

- Hovdenak, M. et al. 1993: *Nynorskordboka*. 2. utg. Oslo.
- Jenstad, T. E. 1984: Arbeidet med trønderordboka. I: *Mot-skrift* 1984: 2, 25–43.
- Modéer, I. 1953: *Norska ordstudier. Två bidrag till fiskets ordgeografi*. Uppsala.
- Nes, O. 1972: Nokre gammalnorske ord og tilnamn. I: *Maal og Minne* 1971, 106–13.
- Nes, O. 1978: Ei sunnmørsk ordsamling. I: *Tidsskrift for Sunnmøre Historielag* 54, 24–35.
- Reichborn-Kjennerud, I. 1940: *Vår gamle trolldomsmedisin*. 3. Oslo.
- Sandanger, P. 2000: *Ord frå ei anna tid. Gamle ord og talemåtar frå Sande og grannekommunane på ytre søre Sunnmøre*. Lærdal.
- Torp, A. 1919: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.
- Øines, S. 1993: *Ordsamling over Fauskedialekten*. Rundt 199. Fauske.
- Aasen, I. 1873: *Norsk Ordbog*. [2.] Udg. Christiania.